

## ØRSKOGPRISEN 2013 TIL OLE ØYSTEIN NYBØ.

Ole Øystein Nybø har gjennom ei årrekkje lagt ned eit stort og verdfullt kulturhistorisk arbeid på fleire ulike område. Arbeidet har vore knytta til Ørskog i notid og fortid.

### **Slekts- og personalhistorie:**

Dette er eit av hovudområda Ole Øystein har vore spesielt oppteken av og utført ein stor innsats. Han har registrert opplysningane i kyrkjebøkene for Ørskog prestegjeld frå 1720 til 1862 i ein database som blir lagt ut på digitalarkivet på Internett. Dette omfattar døypte med foreldre og faddarar, konfirmerte, trulova, vigde med forlovarar, introduserte kvinner, gravfesta, vaksinerte og inn- og utflytta. Til saman dreier det seg om godt 150.000 namn. I tillegg kjem opplysningar og kommentarar til kvar innføring. Dette gjer arbeid med slektsgransking mykje lettare, det aukar interessa for slektsgransking, og det gjer det enklare for folk å finne slektsrøtene sine. Å lese og tyde dei handskrivne kyrkjebøkene krev kunnskap, tolmod og utruleg mange arbeidstimar.

### **«Ørskog gjennom tidene»:**

Under arbeidet med kyrkjebøkene har Ole Øystein funne manglar og feil i Ætteboka for Ørskog frå 1989. Desse opplysningane har han gjort tilgjengelege, og mange har nytta seg av å få opplysningar som slektstilhøve m.m. ved å ta kontakt med han. Arbeidet som er gjort i denne samanheng vil vere svært verdifullt i samband med ei eventuell framtidig oppdatering og vidareføring av Ætteboka for Ørskog. Førebels er det ikkje teke standpunkt til korleis dette skal gjerast.

### **Innsamling og registrering av gamle foto:**

Ole Øystein har i ei rekkje år leia arbeidet med innsamling og registrering av gamle foto frå Ørskog. Bileta skal samlast inn, avfotograferast og registrerast. Det siste er gjort gjennom Fylkesfotoarkivet. I dette arkivet er registrert og såleis gjort tilgjengeleg opp mot 1000 fotografi. Saman med andre innan Ørskog historielag har dette ført til at Ørskog med rette kan kallast ein pioner på Sunnmøre i samband med dette arbeidet. Ole Øystein har i følgje leiaren i FA vore og er ein av Fylkesfotoarkivet sine mest krevjande og viktigaste samarbeidspartnarar. Krevjande i aller beste meining: grundig, påliteleg, tillitsvekkjande, effektiv og med krav til oppfølging og resultat. Han er glad i bygda si, og resultatet hans av arbeidet med fotosamlinga kan heile Ørskog vere stolt av. Sjølv har Ole Øystein ei omfattande samling av gamle postkort frå Ørskog. Han har vore ein god medhjelpar i å finne fram til høvelege bilete som skulle nyttast i Ørskogkalendaren.

### **Bidragssytar til Historielaget sine årsskrift m.m.:**

Ole Øystein har vore ein trufast bidragssytar til laget sine i alt 22 årsskrift.

Han har hatt eigne artiklar og ikkje minst vore aktiv gjennom skriftnemnda i laget og som ein det har vore god grunn til å kontakte dersom fakta og opplysningar mangla.

På laget sine opne kveldsete har han ved fleire høve stilt opp som innleiar og medspelar knytta til emne som han har hatt god innsikt i. Han er eit ja-menneske og ein bygda kan vere stolt av.

Ole Øystein er ein solid kandidat til kommunen sin første **ØRSKOGPRIS**. Prisen vil kunne vere ein inspirasjon for Ole Øystein til vidare arbeid og samstundes ein honnør til alle dei trufaste medarbeidarane han har.